

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Fylkestinget utset å ta stilling til avvikling av saksordførarordninga.»

Terje Søviknes (FrP) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

«Merknader» vert ikkje tatt inn i reglementet som arbeidsform i tillegg til framlegg og protokollmerknad.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Reguleringssaker og høyringsinnspeil etter plan og bygningslova der Vestland er høyringspart, skal innom hovudutval for næring, eventuelt anna naturleg hovudutval før endeleg vedtak i fylkesutvalet. Saker som omhandler natur, naturvern, landskapsvern, kulturlandskapsvern er viktige politikkfelt i fylket, og vert styrka av at den politiske handsaminga går innom eitt utval før endeleg vedtak i fylkesutvalet.»

Mark Taylor (MDG) sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Tillegg i hovudutvala sine reglement punkt 5 om arbeidsform, på slutten av første avsnittet:
Føy til «før sending av saksutgreiing til hovudutvala.»»

Aleksander Øren Heen (Sp) sette fram slikt forslag:

« Alternativ punkt 3:

Fylkestinget ber utvalet beståande av:

- Tor Andre Ljosland (leiar)
- Aleksander Øren Heen
- Silja Ekeland Bjørkly

halde fram arbeidet med følgjande mandat: Utvalet skal leggje fram forslag til revidert reglement for folkevalde organ og delegering, forskrift om økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde og etisk regelverk.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke.

Heen sitt forslag til tillegg punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 26 røyster (FrP, FNB, SV, MDG, R, PP og V) og fall.

Hammer sitt forslag fekk 19 røyster (SV, MDG, R, V, FNB) og fall.

Taylor sitt forslag vart vedteke mot 24 røyster (FNB, 11 H, FrP og PP).

Heen sitt forslag punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkestinget vedtek revidert reglement for folkevalde organ og delegering som vedlagt, med følgjande endringer:
 - Fylkestinget utset å ta stilling til avvikling av saksordførarordninga.
 - Tillegg i hovudutvala sine reglement punkt 5 om arbeidsform, på slutten av første avsnittet:
Føy til «før sending av saksutgreiing til hovudutvala.
2. Fylkestinget sluttar seg til tilrådingane som går fram av saksframlegget.
3. Fylkestinget ber utvalet beståande av:
 - Tor Andre Ljosland (leiar)
 - Aleksander Øren Heen
 - Silja Ekeland Bjørkly

halde fram arbeidet med følgjande mandat:

Utvalet skal leggje fram forslag til revidert reglement for folkevalde organ og delegering, forskrift om økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde og etisk regelverk.